

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Alf Magnar Strand	FA - C50	17/357

Saknr	Utval	Type	Dato
051/2017	Formannskapet	PS	13.06.2017

Kulturvernmidlar 2017

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
feilregistrering	23.05.2017
Vedlegg til søknad	24.05.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kulturvernmidlar for 2017 blir fordelte slik:

Åsmund Kjetland: til restaurering av sæter i Kjetlandskupa: kr 35 000

Granneheimen: til innsamling av munnleg historisk materiale og utgjeving av hefte og CD:
kr 10 000

Saksopplysningar:

Bakgrunn/ Fakta

Det er sett av kr 50000 i kulturverntiltak i budsjettet for 2017. Søknadsskjema ligg på kommunen si heimeside, og søknadsfristen 1. april har vore kunngjort der og i Masfjordingen. Då søknadsfristen gjekk ut, hadde det kome ein søknad, Åsmund Kjetland. Søknaden frå Granneheimen var innsend som ein søknad om særskilte kulturmidlar, men etter samtale med søker har ein flytta søknaden over til kulturverntiltak.

Vurdering

Åsmund Kjetland har restaurert setra i Kjetlandskupa. Det går fram av vedlegget til søknaden at arbeidet har vore omfattande og det er lagt ned 2000 timer eigeninnsats. Arbeidet har gått føre seg over fleire år, men det er først no han søker om støtte. Setra er no teken i bruk som overnattingstad og turmål, og som utgangspunkt for tilsyn i beitesesongen. Det er gjort fint arbeid ute og inne, særpreget ved setra står ved lag, samstundes som ein har gjort nødvendige utbetringar for at setra kan brukast i lang tid framover. Ut frå dei vedlagde bileta kan det sjå ut til at dei har lukkast med dette.

Forsamlingshuset Granneheimen på Kvingo feirar 90-årsjubileum i år. Planen er å markera jubileet på ulike måtar.

I den samanheng vil styret engasjera folk i grendene som soknar til Granneheimen til å samla inn forteljingar, biletar, songar og anna historisk materiale. Så vil ein med profesjonell hjelp prøva å laga eit sluttprodukt, anten eit hefte eller ein CD eller begge deler.

Konklusjon

Åsmund Kjetland har gjort eit stort arbeid for å setja i stand att den gamle setra som hører til bruket. Rådmannen meiner at det er viktig å støtta slike tiltak, slik at i alle fall nokre av setrane i fjella her kan bli ståande for ettertida.

Formannskapet - 051/2017

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samråystes vedteke.

FS - vedtak:

Kulturvernmidlar for 2017 blir fordelte slik:

Åsmund Kjetland: til restaurering av sæter i Kjetlandsrupa: kr 35 000

**Granneheimen: til innsamling av munnleg historisk materiale og utgjeving av hefte og CD:
kr 10 000**